

MAN301 - Introduksjon - Manusutvikling for serier

Evaluering

Hausten 2017

Emneansvarleg Øyvind Vågnes

Hausten 2017 vart første semester i nytt masterkurs i manusutvikling for serier gjennomført i nye lokale i Media City Bergen. Seks studentar følgte kurset.

Sentralt i læringsutbyttet for kurset står det at studenten skal kunne utvikle og spisse ideen til eit seriekonsept; kjenne dramaturgiske prinsipp og arbeidsmetodar for ulike typar serieformat; og kunne skrive enkeltscener, eksposisjon, og utvikle karakterar.

Kurset kombinerte tett oppfølging ved lærekrefter i staben, inkludert underteikna og faglærar Jade Hærem Aksnes, med workshops med eksterne faglærarar som alle var etablerte og ettertrakta forfattarar, manusforfattarar, og serieskaparar: Gunnhild Øyehaug, Stian Hafstad, Thomas Torjussen, Lars Gudmestad, Geir Henning Hopland, og Kjersti Rasmussen.

Denne blandinga av gjestande og faste aktørar fungerte godt pedagogisk. Individuell oppfølging vart gitt i både skriftleg og munnleg form, og i one-on-one-veiledning og i gruppdiskusjonar. Det vart lagt vekt på å skape trygge omgivnader for fagleg diskusjon, men også å la studentane bryne seg på evaluatingsformer som er rådande i tv-bransjen, såkalla "autentiske evaluatingsformer." Vedvarande oppfølging over tid (formative assessment) vart såleis kombinert med ei evaluering ved vefs ende (summative assessment), der innlevert arbeid vart vurdert som bestått/ikkje bestått.

Kvar student utvikla eit seriekonsept og skreiv ein heil liten webserie på fire episodar. Rikeleg med tid vart brukt på utvikling, skriving, og omskriving. Mellom utfordringane i første semester med gjennomføring av kurset var å finne den rette balansen mellom individuell oppfølging og gruppdiskusjonar, samt bruk av faste og eksterne lærekrefter. Ei særleg utfordring ved eit kurs i kreativ skriving er at kvar enkelt student utviklar seg i ulikt tempo, og etablerer ulike arbeidsmåtar og skrivemetodar. Dette er også naturleg, men ikkje alltid like lett å innrette etter eit felles kursopplegg. Stort sett verkar det som om balansen i kurset var god, men det vil vere viktig å undersøke korleis studentane ser på dette fortløpande også i framtidige gjennomføringar av kurset.

Øyvind Vågnes